



Advokatfirma Mikkel Mundal AS
Hollendergaten 14
5017 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/671 - 22/58563

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

01.08.2022

Vedkommende spørsmål vedr. avkjørsel gbnr 56/9 Hundvin

Samferdesel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har den 20.07.2022 fått overført to brev, motteke 14.03.2022 og 05.04.2022, som gjeld spørsmål vedkomande avkjørsle til gbnr 56/9.

Breva har lagt i sak 22/671 Jordskiftesak – gbnr 56/9, 566/12, 56/16 og 56/44 hos avdeling for Arealforvaltning.

Da Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning først mottok breva i veke 29 (fellesferien) har vi ikkje hatt mulighet til å svare på breva før nå.

Eksisterande løyve til avkjørsle:

Når det gjeld avkjørsle er det, per dags dato, berre gitt eit avkjøringsløyve for ei bueining på gbnr 56/9. Dette løyve er gyldig til 15.11.2022. Innan denne dato må eigar av gbnr 56/9 ha innhenta byggeløyve etter plan og bygningslova og ha starta opp arbeidet med etablering av avkjørsle (jf. Veglova § 40 4. ledd og vedtaksbrev datert 15.11.2019). Dersom dette ikkje er gjort innan denne dato, fell løyvet bort og gbnr 56/9 må søkje på nytt. Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning har gjort eigar av gbnr 56/9 er gjort merksam på dette i e-post og telefonsamtale 27.05.2022.

Løyve som gis etter Veglova § 40-43 gir ikkje søkjar rett til å bygge avkjørslen. Løyve etter Veglova gir berre ei godkjent plassering av avkjørsle, samt setter krav korleis avkjørsle skal være utforma. Før ein kan bygge avkjørsle skal søkjar innhente byggeløyve etter plan og bygningslova. Søknader etter plan og bygningslova vert handsama av byggesak.

Dersom gbnr 56/16 og gbnr 56/44 også skal nytte avkjørsle må eigarane av gbnr 56/16 og gbnr 56/44 sende inn eigne søknader. Link til søknadsskjema finn du på kommunen sin heimeside:

www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/avkoyring-fra-kommunal-veg/

Kistegrøfter:

Kistegrøfter som kjem i konflikt med etablering av veg/avkjørsle skal reetablerast gjennom vegen/avkjørsle.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Steingard:

Når det gjeld spørsmål om steingard og riving av delar av denne er vi ikkje rett mynde til å svare på spørsmål om dette. Vi er usikker på om steingarden er verneverdig. Vi ber Dykk om å ta kontakt med kulturavdelinga for avklaring om dette.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokatfirma Mikkel Mundal AS	Hollendergaten	5017	BERGEN
	14		
Advokatfirma Mikkel Mundal AS	Hollendergaten	5017	BERGEN
	14		